



# Eigenmeldingsskjema

Skal fyllast ut av den som tek imot melding om fråvær

<b>Namn:</b>		<b>Etat/avdeling:</b>	
<b>har i dag/dato:</b>			

gitt melding om fråvær på grunn av	
<input type="checkbox"/> Eigen sjukdom (110)	<input type="checkbox"/> Barns sjukdom/barnepassars sjukdom (190)
<input type="checkbox"/> Barns sjukdom, utover 10 dagar ved 3 eller fleire born (rett til inntil 15 dagar) (190)	<input type="checkbox"/> Barn under 12 år til lege/spesialist <sup>1</sup> (190)
	<input type="checkbox"/> Anna årsak
<b>Merknader:</b>	

Fråvær som må dokumenterast med vedtak frå NAV

gitt melding om fråvær på grunn av	<b>Vedtaksnummer:</b>
<input type="checkbox"/> Eigen sjukdom, kronisk (112)	
<input type="checkbox"/> Sjukt barn, kronisk (431)	
<input type="checkbox"/> Barn og eller barnepassars sjukdom, utover 10 dagar (191)	
<input type="checkbox"/> Pleie og opplæringspengar, refusjon frå 1. dag (140)	
<input type="checkbox"/> Pleie og omsorgspengar refusjon frå 8. dag (140)	
<input type="checkbox"/> Svangerskapsrelatert sjukdom (113)	
<b>Merknader:</b>	

<b>Dato</b>		<b>Melding motteken av:</b>	
-------------	--	-----------------------------	--

<input type="checkbox"/> Skjemaet vert lagt i posthylla til meldar	<input type="checkbox"/> Munnleg fråværsmelding
<input type="checkbox"/> Fråværsmelding via SMS	<input type="checkbox"/> Fråværsmelding via e-post

Skal fyllast ut av den tilsette når vedkommande er attende i arbeid

Underteikna var borte frå arbeidet på grunn av sjukdom eller andre tilhøve som er nemnde ovanfor:					
Frå og med dato:		Til og med dato:		Tal dagar:	
Ved barns sjukdom – fødselsdato:					
Eg er åleine om omsorga:	<input type="checkbox"/> Ja			<input type="checkbox"/> Nei	

Kan fråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen?		
<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Usikker

<b>Dato:</b>		<b>Underskrift tilsett:</b>	
<b>Dato:</b>		<b>Godkjent av leiar:</b>	

<sup>1</sup> For søknad om fri til å følge barn under 12 år til tannlege/kjeveortoped skal du bruke permisjonsskjema, og søkje om velferdspermisjon med løn, jf. Personalhandboka.

# RETNINGSLINER FOR UTFYLING AV SKJEMA

Sjukefråvær skal meldast til næraste overordna/arbeidsplassen din så tidleg som råd første dagen.

## Eigenmelding

Eigenmelding ved sjukdom kan nyttast for inntil 8 kalenderdagar om gangen. »Eigenmelding gjeld berre for heile dagar, ikkje timar» Du kan maksimalt ha 24 dagars eigenmelding i løpet av dei siste 12 månader. Det er ingen avgrensing for kor mange gonger du kan være sjuk i løpet av denne perioden. Du kan for eksempel være borte 24 enkeltdagar eller ha 3 fråvær på 8 dagar. Eigenmeldingsperiodane går uavhengig av om det er arbeidsdag eller ikkje. Er du sjuk på fredag og måndag, blir laurdag og søndag rekna med i perioden, slik at du til saman har brukt 4 dagar.

Askvoll kommune er ein inkluderande arbeidslivsbedrift. Når du er tilbake på jobb plikter du å fylle ut ein utvida eigenmelding med spørsmål om sjukefråværet skuldast forhold på arbeidsplassen. Om så er tilfelle plikter leiaren din å ta ei samtale med deg om dette, for å førebygge tilsvarande sjukefråvær i framtida. Når du er attende på jobb, skal du straks fylle ut utvida eigenmelding, svare på alle relevante spørsmål og levere til næraste overordna. Merk at for seint levert eller ikkje levert eigenmelding medfører trekk i lønn, då det er å rekne som ugyldig fråvær.

Etter ein eigenmeldingsperiode på 8 dagar, kan du ikkje nytte ny eigenmelding før det er gått 16 dagar.

Du må ha jobba i Askvoll kommune i minst to månader for å kunne nytte eigenmelding.

Eigenmeldingsskjema finn du i Risk Manager Kvalitetshandbok eller du får det utlevert på arbeidsplassen din.

## Når må eg levere sjukemelding?

Ved sjukdom utover åtte dagar, eller når kvoten for eigenmeldingsdagar «på 24 dagar» er brukt opp, skal du levere sjukemelding. Vanlig regel ved levering av sjukemelding er at du kan ha rett til lønn under sjukdom – inntil 1 år. Blir du sjuk i ferien, må du levere sjukemelding frå lege frå første dag dersom du skal få rett til erstatningsferie. Merk at dette gjeld etter du er gått ut i ferie.

## Barns sjukdom

Tilsette som har omsorg for barn under 12 år, har rett til inntil 10 dagar (permisjon) eigenmelding ved barns sjukdom med lønn per kalenderår (15 dagar ved tre eller fleire barn) for tilsyn med sjukt barn. Same reglar gjeld dersom den som har den daglege omsorg for barnet er sjuk. Er den tilsette åleine om omsorg for barnet, har vedkommande rett til 20 dagar permisjon (30 dagar ved tre eller fleire barn). Retten gjelder ut det året barnet fyller 12 år.

Tilsette som har omsorg for kronisk sjukt el. funksjonshemma barn har rett til 20 dagar permisjon med lønn når det ligg føre gyldig vedtak frå NAV. Viss den tilsette er åleine med omsorg for kronisk sjukt/funksjonshemma barn gjeld retten 40 dagar permisjon, med vedtak frå NAV. Aldersgrensa på 12 år gjeld ikkje arbeidstakar som har omsorg for kronisk sjuke eller funksjonshemma barn. Skjema for eigenmelding skal nyttast ved fråværet. Ved meir enn tre dagars samanhengande fråvær skal det leggst fram legeerklæring for barnet. Den tilsette må ha vore i stilling i 4 veker for å kunne nytte eigenmelding ved sjukt barn/barnepassars sjukdom.

Frå 01.07.03 gjeld også rett til permisjon med lønn når barnet på grunn av sjukdom treng oppfølging i form av legebesøk/spesialist, sjølv om barnet ikkje er sjukt eller pleietrengande den aktuelle dagen. Retten gjeld til og med det året barnet fyller 12 år.